

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	22/401

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/23	Ungdomsrådet	PS	13.03.2023

Representantar til fylkesting for ungdom 2023 frå Fedje ungdomsråd

Vedlegg:

Invitasjon til Fylkesting for ungdom 2023

Invitasjon-til-FFU-2023

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Det er kome invitasjon til fylkesting for ungdom frå Vestland ungdomsutval og Vestland fylkeskommune. Fylkesting for ungdom vert 14. til 16. april, fylkestinget vert halde på hotell Scandic Flesland, møtet startar fredag den 14. klokka 1700 og er slutt søndag den 16. klokka 1400. Kvar kommune kan sende 2 representantar frå dei kommunale ungdomsråda.

Påmeldingsfrist til sjølve fylkestinget er 27.mars 2023.

Vurdering

Deltaking på fylkesting for ungdom vil gje ein viktig moglegheit for å lære om politiske prosessar ut over eigne kommunar, få kontaktar med medlemmar av Ungdomsråd i andre kommunar i Vestland, og lære om prosessar rundt framlegg, vedtak og andre politiske handverk.

I tillegg til dette kan ungdommane verte kjent med andre ungdommar som er politisk engasjerte og diskutere politikk med dei. Ungdommane kan lære mykje av politiske debatter og politiske prosessar som dei kan ha nytte av seinare både som medlem i ungdomsrådet, men også seinare i livet. Ungdommane som deltek på ungdommens fylkesting kan også lære ved å gjenfortelje kva dei har vore med på til dei andre ungdommane i ungdomsrådet.

Reise og opphald vert dekkja av Fedje kommune for deltakarar frå Fedje ungdomsråd.

Konklusjon

Dette er ein viktig og god arena for læring og kontaktar som Fedje ungdomsråd bør nytte seg av.

Forslag til vedtak:

Forslag til vedtak:



Fedje kommune

..... og vert Fedje ungdomsråd sine representantar på fylkesting for ungdom april 2023.